

K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

Mars.1996

50. årg.

BJARTE LEITHAUG TIL DALE

Den etter kvart ganske kjente kristne artisten Bjarte Leithaug kjem til Dale og heldt familiekonsert søndag 14. april. Då bør alle born og vaksne som set pris på frisk og glad barnegospel møta fram! Les meir om konserten på side 3.



Foto: Kjartan Bjelland

OVER 30 ÅR I MISJONEN SI TENESTE

I 1965 reiste Marit Sandal til Etiopia for første gong. Sidan har det blitt mange periodar i landet, som ligg i det nord-austlege Afrika. Atter ein gong har Marit teke utfordringa og reist ut att. Men før det var ho på fest.... Les s. 4-7



Les meir om:

Går du med ynskje om å vinna den store gevinsten? VINN HER!

Side 2

Vellukka ungdoms-weekend på Fagertun.

Side 8-9

Konsertar for orgel og blokkfløyte!


Side 10

Prestekontoret skiftar både namn og lokale!

Side 11

Set fantasien i sving: Løys påskenøtta! Meiningsfulle premiar!

Side 12



GOD PÅSKE!



VINN HER!

Kva var det som skjedde i påska? Var ikkje det som skjedde i Jerusalem eit solid antiklimaks for Jesus? Gjennom omlag tre år hadda han skaffa seg mange tilhengjarar, tala til store folkemengder og gjort dei mektigaste under ein kan tenkje seg. Så kjem han til Jerusalem denne påska, rir inn i byen, hylla som ein konge. Og kva er det ikkje som skjer: Han vert arrestert og avretta, nokre av dei som før hadde hylla han, ropa no "krossfest". Men etter dette skjedde det utrulege. Det umulege:

Jesus vart levande att.

Sagt med andre ord: **Jesus vann over døden!**

Denne sigeren over døden og dødskreftene vann han óg for deg og meg. Vår syndeskuld vart krossfest saman med ham, og saman med han vann vi den sigeren som gjer at vi får evig liv og fred med vår Skapar.

Vil du ha del i denne sigeren? Vil du vinne noko som du ikkje kan vinne nokon annan plass? Då skal du satse på Jesus. Innsatsen er stor: Livet ditt. Men dette er ikkje som eit lotteri der dei fleste berre kan drøyme om storgevinsten. Her vinn du, her får du del i sigeren fordi Jesus allereie har vunne han for deg.

Døden er gløymt og sigeren vunnen. Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger? Brodden i døden er synda, og krafta i synda er loven. Men Gud vere takk, som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus! (1. Kor. 15, 54b-56).

Så vart påskehendinga ikkje eit nederlag, sjølv om det kunne sjå slik ut frå utsida. Ho vart starten på eit nytt kapittel i verdshistoria, og ho kan verte til eit nytt kapittel i ditt liv, om du slepp den sigrande Jesus inn i livet ditt. Sats på Jesus og det han gjorde for deg på krossen, og du skal vinne!

God påske!

Venleg helsing Frode Kvamsøe

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrjekontoret

for Vaksdal

Ekspedisjonstid: tysdag, onsdag og torsdag
kl. 09 - 13:30.
Telefonnr.: 56 59 61 20

Sokneprest: Frode Kvamsøe
Kontorfullmektig: Reidun Takvam
Dale sokneråd

Postadresse: Postboks 113,
5280 DALEKVAM

Vitjingsadresse: Fabrikkvegen, Dale

Kyrkjeverje: Heradshuset, tlf. 56 59 60 20

Sokneprest Frode Kvamsøe, tlf. 56 59 73 15
(privat)

Kapellan Bård-Egil Dyrhol, tlf. 56 59 70 88
(arb./privat)

HUGS - måndag er presten sin fridag.

SAMTALE MED PRESTEN

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand. Prestane har teieplikt.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60,-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar: Ove Magne Straume,
5290 Stamnes (vikar). Tlf. 56 59 82 74.
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese

FAMILIEKONSERT I DALE KYRKJE

- Hugs å setja av ettermiddagen søndag 14. april, oppfordrar ei ivrig og energisk Merete Kjelby. Merete, kanskje best kjent som leiar av barnekoret Regnbuen på Stanghelle, er ein av initiativtakarane til konserten med Bjarte Leithaug.

KfV Ove Magne Straume

- Me har sendt ut brev til sju ulike grupper som driv kristeleg barne- og ungdomsarbeid i kommunen. Til no (10.mars) har responsen vore tuffande svak, då berre to av dei tilskrivne har synt si interesse. Men dei som har sagt frå at dei vil vera med, er svært positive til tiltaket, seier Merete Kjelby, og legg entusiastisk til: -Eit slikt tiltak må vel vera i alle si interesse!

KJENT ARTIST

Bjarte Leithaug skulle etter kvart vera ein ganske kjent kristen artist, som har reist landet rundt for å halda konsertar. Han bur på Flatøy i Meland kommune. Syster hans, Solveig, har også eit kjend namn som gospelartist. Bjarte Leithaug har også spelt inn nokre CD-ar, den siste saman med sonen Martin. Tittelen på denne CD-en er «Vi suser av gårde». Det vil verta høve til å kjøpa CD-ane under konserten.

ØVING FØR KONSERTEN

- Det er meininga at dei som ynskjer å vera med i barnekoret under konserten skal øva saman med Bjarte Leithaug før konserten tek til, held Merete Kjelby fram.

- Øvinga tek til kl. 16.30. Dersom det er born som har lyst til å vera med i koret, men ikkje er

tilslutta noko lag, kan dei berre ta kontakt med meg snarast, så skal dette ordna seg. Det er meininga at me skal ha ein innlagt pause i øvinga der borna får litt å bita i, så derfor er det viktig at eg får melding så snart som mogeleg før påske kor mange som kjem til å delta.

GOSPELINO

Elles kan Merete fortelja at barnegospelkoret Gospelino frå Biskopshavn menighet i Bergen vert med. Dirigenten deira er den ikkje ukjente, tidlegare musikkskulerektor i kommunen, Randi Rimbereid, som vart «heiltent» med ein gong ho fekk høyra om prosjektet.

MÅLGRUPPE

- Me ynskjer å nå alle born og unge frå førskulealder og opp til og med ungdomsskulealder, og vonar sjølv sagt at dei får familie sine med seg på konsert. Då vil alt liggja til rette for ei flott og gjevande oppleving, avsluttar Merete med forventning i røysta.




Foto: Arne Årsæth

Så med dette er alle oppfordra til å leggja vegen innom Dale kyrkje søndagen etter påske! Økonomisk skulle det i alle fall vera overkommeleg: Kvar familie må maks ut med ein 50-lapp! Eit godt høve til å pussa støvet av storfamilien?

MISJONSFEST FOR MARIT SANDAL

Omlag 50 personar møtte fram i bedehuset på Stamnes søndag 4. februar, der det var duka til misjonsfest. Heidersgjesten var Marit Sandal, som om få dagar skulle reisa ut att for ein ny periode som misjonær i Etiopia, nord-aust i Afrika.

KfV Ove Magne Straume

Ingolf Gammersvik, som var festleiar for kvelden, ynskte festlyden velkomen. Heidersgjesten, Marit, hadde fått sete ved eit bord lengst framme i salen. Festleiareren kalla bordet for «Misjonærbordet», ikkje utan grunn.



Foto: Ove Magne Straume

For rundt bordet sat fleire misjonærar, med anna to av våre eigne, Gunvor Bjørsvik og Reidun Laastad Dyvik. To etiopiske vener av Marit var også med og sette farge på samveret.

TALE FOR DAGEN

Torjus Vatnedal, som sjølv har vore misjonær i Norsk Luthersk Misjonssamband frå 1952 til 1985, heldt tale for dagen. Utgangspunktet for talen var likninga om den bortkomne sau.

KOR TIL ÆRE FOR MARIT

Festleiareren hadde ei overrasking til Marit, nemleg eit kor som var



Negusse og Tesfaye vert intervjuva av Gabriel. Ingerd i bakgrunnen. Foto: Ove Magne Straume

starta spesielt for denne festen. Koret gledde festlyden med songen sin både før og etter talen.

MANGE HELSINGAR

Etter eit godt måltid vart festlyden presentert for nokre av Marit sine vener og medarbeidarar i Yirgalem, namnet på landsbyen ho reiser attende til. Dei fekk møta Olga Byrknes, mangeårig operasjonssjukepleiar på sjukehuset i Yirgalem. Marit kunne fortelja at Olga var den som tok i mot Marit då ho kom ut som ny misjonær i 1965. Ho hadde lært Marit om mangt og mykje, frå det etiopiske folket sin kultur til det å ta i mot eit lite, nyfødd barn.

DRAMATISK FØRSTE VAKT

Marit hugsar godt då ho skulle ha si første helgevakt, og at ho bad om at det ikkje måtte verta nokon fødselar akkurat den helga. No skulle det ikkje gå slik ho ba om, det synt seg nemleg at det var tvillingar i emning! Det vart spenning i meste laget for Marit, så etter ein del dramatik ringde ho til Olga, og alt ordna seg til det beste.

TREDJE GENERASJON MISJONÆRAR

Festlyden vart også presentert for Ingerd og Gabriel Lende, kan henda misjonærar i tredje generasjon. Farfar dei hadde vore misjonær og faren deira er no direktør ved sjukehuset i Yirgalem. Dette syskenparet hadde budd i Etiopia til dei var ferdige med grunnskulen, men hadde reist heim til Noreg for å gå på vidaregåande og studera vidare. Ingerd er no jusstudent, medan Gabriel studerer medisin.

ETIOPISKE VENER

Dei etiopiske venene til Marit var to unge menn, Negusse Bogale og Tesfaye Madebo.



Negusse og Marit i festleg lag.

Foto: Ove Magne Straume

Negusse studerer medisin i Bergen, og er son av ein som har gått gradane ved sjukehuset i Yirgalem, og som no er administrator der. Tesfaye er for tida i Noreg for å ta doktorgrad i HIV/tuberkulose. Han har vore lækjar ved sjukehuset i Yirgalem.

SITUASJONSSPEL

Før Marit let gjestane gå ned frå podiet, var dei med eit enkelt og talande situasjonsspel med og synleggjorde korleis misjonæranne i Yirgalem ynskte å arbeida. Først stod misjonæranne framfor Negusse og Tesfaye, for å syna at misjonæranne måtte gå føre og læra dei innfødde opp som helsearbeidarar. Når desse så hadde fått nok opplæring, førde misjonæranne dei innfødde etterkvart framfor seg, slik at dei sjølve kom meir og meir i bakgrunnen og til slutt vart overflødige. Dette vart synleggjort ved at Negusse og Tesfaye til slutt i situasjonsspelet stod sjølvhjelpne att etter at dei andre (misjonæranne) hadde trekt seg vekk.

DEN FØRSTE MISJONÆREN?

I Marit si helsing til kyrkjelyden la ho fram nokre tankar og vers frå preiketekstane for dei siste vekene. Med anna las ho eit vers frå teksten til vingardssøndagen: «Vi er uverdige tenarar, men vi gjer berre skyldnaden vår.» Ho trekte også fram Jesus sitt møte med den ka-

naaneiske kvinna som skulle henta vatn ved Sykar brunn. Jesus førte ho til erkjenning, Guds Ande openberra seg for ho, ho gløymde den dyrebare vasskrukka si og sprang inn til byen for å fortelja kven ho hadde møtt. Kvinna ved brønnen må ha vore den første misjonæran, meinte Marit. Ho avslutta helsinga si med å minna om det store ved å vera såmann i Guds rike: Gud gjev menneska såkornet, menneska sår, men Han gjev veksten.

HELSINGAR PÅ VEGEN

Bård Egil Dyrhol bar fram ei helsing frå kyrkjelyden, og peika på at det er viktig for ein kyrkjelyd å ha misjonærar. Dette fekk han fram ved å nytta biletet med eit vatn som ikkje har avlaup: Dette vatnet har heller ikkje mykje liv! Jamfør Daudehavet. Mellom dei mange som kom med helsingar til Marit, var dei to tidlegare nemnde misjonæranne våre, Gunvor Bjørsvik og Reidun Laastad Dyvik.

Gunvor opna med å sitera frå Bibelen om då Jesus gav læresveinane misjonsbefalinga. Vidare gav ho festlyden innblikk i dramatiske og uforklarlege episodar ho hadde opplevd medan ho var misjonær i Kina, episodar som gav orda «Sjå, eg er med dykk alle dagar» mening. Reidun helsa frå Turid og Magne Steinnes, som faktisk hadde vore på gudsteneste på Dale same dagen. Diverre hadde dei ikkje høve til å vera med på misjonsfesten.

VIKTIGE STØTTESPELARAR

Til slutt fekk Marit ei helsing som ho også heilt sikkert sette stor pris på, for Marit veit kor viktig kvinne-foreiningane sitt arbeid for misjonen er. Jenny Grøsvik helsa frå Gammersvik/Grøsvik kvinneforeining, og sa som sant er at «Marit skal få gå ut og vera så-kvinne».

INITIATIVTAKARANE

Det er to personar som fortener ein ekstra takk for ei gjevande misjonsfest, nemleg Magnhild og Ingolf Gammersvik. Desse to gjer ein utruleg innsats i det kristne arbeidet i Stamnesbygda, ved til dømes å arrangera ein slik misjonsfest. Tenk å ha så mykje initiativ når ein nærmar seg dei åtti og vel så det !

PÅ REISEFOT MED MARIT

Det var berre tre dagar att til Marit Sandal sto føre ei av sine mange og lange misjonsreiser. Midt opp i all førebuing og pakking fekk Kyrkjebladet lov å koma på besøk heime på Naustneset, ein liten kilometer frå Stamnes sentrum.

KfV Ove Magne Straume

Då eg kom opp til huset, prøvde eg varsamt å ringja på. Ingen respons. Har ho gløymt meg? tenkte eg. Utedøra var open, så eg våga meg lenger inn i varmen, prøvde å banka på denne gongen. Nei, ikkje tale om! Hm! Eg kunne ikkje gje meg på tap no, like før eg skulle hala i land eit berande innslag til neste nummer! Den urøynde og usikre journalisten i meg tok mot til seg, steig innom neste dør, banka på og opna stovedøra så langt eg våga. Jau då, der sat ho, kvinna som snart skulle reisa frå den trygge og varme stova på Naustneset til eit for oss ukjent og utrygt land. No forstod eg også kvifor ingen hadde kome ut og opna før.

MANGE Å TA FARVEL MED

Marit sat ved telefonen, i ivrig samtale på engelsk. Etterpå kunne ho fortelja at det var ein av venene hennar frå misjonsfesten, Negusse, som hadde ringt. Han ville så gjerne at ho skulle helsa heim til familien, som han sakna så sårt. Og Marit lova å helsa, det beste ho kunne.

Det vart ikkje den einaste telefonen dei knappe to timane eg var hjå ho. Vener og slekningar frå fjern og nær ville helsa på ho og ynskja ho lukke på reisa.

SOM LYN FRÅ KLÅR HIMMEL

Det var medan Marit gjekk på helsesøsterskulen i Oslo i 1960 at ho kjende kallet til å verta misjonær. - Det kom som lyn frå klår himmel, som ho sjølv uttrykte det. Ho var mykje med i ungdomskoret Jubilo på Fjellhaug på den tida, og dette miljøet hadde nær tilknytning til misjonsarbeid. Tanken om å verta misjonær fekk mogna seg, til tida var inne for å realisera kallet. I mellomtida hadde systera til Marit, Anlaug, reist ned til Madagaskar, som misjonær for Det Norske Misjonsselskap.

MISJONÆR SIDAN 1965

Marit har vore misjonær i Norsk Luthers Misjonssamband frå 1965. Ho har heile tida halde til i Yirgalem, ein liten by eller landsby som ligg omlag 300 km sør for hovudstaden i Etiopia, Addis Abeba. Fram til 1991 var ho rektor ved helseassistentkolen som ligg på området til regionssjukehuset i Sedamo, som regionen heiter. Sidan 1991 har Yirgalem hatt sjuke-

pleiarskule, og denne var den einaste i distriktet då han vart bygd. Marit har vore rektor ved denne skulen sidan han var ny, og i perioden medan ho har vore heime har skulen hatt finsk rektor.



Marit saman med gode medarbeidarar.

Foto: Olga Byrknes

YIRGALEM SCHOOL OF NURSING

Studentane ved Yirgalem School of Nursing, som skulen heiter, vert henta frå ulike distrikt i Etiopia. Sjølv om skulen vert driven av ein misjonsorganisasjon, rekrutterer han studentar frå ulike miljø, som kommunistiske og muslimske miljø, eller ulike kristne retningar. Det er styresmaktene som bestemmer kriterier for opptak. For å koma inn ved skulen må studentane ha 12.klasse (tilsvarande vår

«Du må vera klår over at det er misjonen som har gjort det mogleg for oss å begynna på ei høgare utdanning.»

Sagt av ein av dei fattige som studerte ved universitetet.

vidaregåande skule), ha litt praksis og i tillegg konkurrera om skuleplass gjennom ein opptaksprøve.

UTØVANDE SJUKEPLEIARAR

- Etter avslutta utdanning, er det meininga at sjukepleiarane skal gå attende til dei distrikta der dei kom frå. Dette fordi dei forstår språket der, kjenner kulturen og dei ulike vanskane i distriktet, og kan dermed betre gje den hjelpa folket deira treng. Dette er noko me i misjonen legg sterk vekt på, poengterer Marit.

- Men, seier ho vidare, - ein lei tendens i det siste er at ministeriet i Etiopia «tek» nyutdanna sjukepleiarar til administrative stillingar innanfor helse, noko som er svært uheldig. Det Etiopia treng, er først og fremst utøvande sjukepleiarar!

- På denne måten går det også lenger tid å oppfylle eit av dei viktigaste måla for misjonen, nemleg at dei nyutdanna sjukepleiarane skal overta misjonen sine funksjonar, slik at misjonærane til slutt vert overflødige.

«GRADUATION-FEST»

- Du kan tru det er stor stas når eit nytt kull med sjukepleiarar er uteksaminerte, seier Marit entusiastisk. Då vert det pynta til fest, finstasen vert henta fram og sjølvaste regionspresidenten i Sedamo kom til skulen for å halda tale til studentane. Det er ei stor stund når studentane får diplomane sine, som eit synleg prov på at dei er sjukepleiarar.

- Me har forresten eit godt samarbeid med styresmaktene i regionen, fortel Marit vidare.

- Det er tydeleg at dei er klår over at misjonen gjer eit viktig arbeid i landet deira.

OPPLEVD MYKJE

På den vesle kveldsstunda eg var hjå Marit, fekk eg eit lite innblikk i nokre dramatiske tiår, utan at ho ynskta at det skulle skrivast om noko spesiell hending. Marit har hatt livstruande opplevingar både under revolusjonen i 1974 og motrevolusjonen i 1991, og har nok hatt tøffare tider enn me i vårt frededelege land har evne til å setja oss inn i og forstå.

Med desse tankane i hovudet lyt eg spørja: Kva får deg til å reisa ned att for ein ny periode?

- Å, det er nok meir meining enn spenning som ligg bak ei slik avgjerelse, seier Marit stille og med ettertanke.



Sjukepleie i praksis.

Foto: Marit Sandal



Marit deler ut diplom til ein av de nyutdanna sjukepleiarane.

Foto: Olga Byrknes



Marit saman med regionspresidenten i Sedamo.

Foto: Olga Byrknes

Marit om Yirgalem School of Nursing:
«Me har to hovudmålsetjingar for arbeidet vårt:
● Utdanna sjukepleiarar med gode kvalitetar
● Peika på Jesus.»

UNGDOMSHELG PÅ FAGERTUN

KfV Frode Kvamsøe og Kjartan Gullbrå

Femten ungdomar og ti leiarar var på ungdomshelg på Fagertun i Eksingedalen i byrjinga av mars. Denne gongen var det Vaksdal prestegjeld som sto som arrangør, og det var sivilarbeidaren som

hadde leiinga på turen. Véret var det aller beste ein kunne ynskje seg, og programmet gav rikeleg med tid til avslapping og sosialt samvær. Andaktar, bibelhalvtime med gruppesamtalar etterpå, og

gudsteneste i Nesheim kyrkje, var med på å minne oss om den viktigaste grunnen til at denne ungdomshelga vart skipa til: At vi skulle bli betre kjent med Jesus og den kristne trua.



EIN FIN GJENG!

KLEDDE FOR FOR SKITUR!



INGEN LEIR UTAN LEIARAR!



3 PÅ TUR

1: *Kvifor vart du med på ungdomshelga?*

2: *Kva likte du minst av programmet?*

3: *Kva likte du best av programmet?*



Sveinung Nesheim, 13 år, frå Nesheim.

1: Eg likar meg veldig godt på Fagertun. Eg kjem frå Eksingedalen, og set pris på å treffe folk frå andre delar av kommunen.

2: Køyreturen heimatt! Og avslutningssamlinga. Ikkje fordi det er så kjedelig, men fordi det er så trist å ta farvel etter ein kjekk leir.

3: Skituren på laurdag. Det var herleg å sitja i solveggen og eta nista si, og ikkje minst var det gøy å spele rugby i snøen.



Øystein André Langhelle, 15 år, frå Vaksdal.

1: For å få litt avveksling frå det vanlege, og for å treffe nye folk.

2: Vanskeleg å seia, alt var litt gøy.

3: Skituren på laurdag. Det var kjekt å gå og hoppa på ski når det var så fint vær.



Siv-Aina Gullbrå, 20 år, frå Høvik, leiar.

1: Fordi det er kjekt å vere med på leir, å treffe mange kjekke folk.

2: Oppvasktenesta. Eg er ikkje så flink til å vaske og rydde osb. Det er kjedeleg. Elles har programmet på leiren vore kjekt.

3: Skituren på laurdag. Kjekt å tryne på ski. Sosialt å gå på ski i lag med fleire.




KONSERTAR FOR ORGEL OG BLOKKFLØYTE

Vår australsk/norske organist, David S. Hamnes, har lagt opp til fleire kyrkjekonsertar dei førstkomande vekene. **31. mars** har David ein solokonsert for orgel i **Dale kyrkje**. Etter det følgjer to konsertar for orgel og blokkfløyte i **Eksingedalen kyrkje 21. april** og **Dale kyrkje 12. mai.**, der han spelar saman med Andrew C. Newcombe. Denne for oss uvanlege kombinasjonen er det heilt sikkert verd å låna øyra til, for det er dyktige musikarar som stiller opp.

Under følgjer ein liten presentasjon av dei to musikarane. Klokkeslett for konsertane finn ein under «Velkomen til kyrkje» på s. 11 og 12.

David Scott Hamnes er fødd i Adelaide, Australia i 1971. Han har studert orgelsolospel i sju år ved universitetet i Melbourne, der han tok pedagogisk diplomeksamen i 1991. I 1994 flytta han til Namsos, heimbyen til faren. Hamnes har mange gongar urframført ny orgelmusikk, m.a. komposisjonar av Andrew C. Newcombe. For tida arbeider han som organist i Dale og Bergsdalen kyrkjer, er dirigent for Kordial og engelsklærer ved Voss Husflidskule. Samstundes skriv han på ei hovudoppgåve (gjennom Internett), og studerer solo-orgelspel hjå den verdskjente organisten David Sanger i England.

Andrew C. Newcombe er fødd i Melbourne, Australia i 1970. Han har studert i



David S. Hamnes i aksjon.

fleire år ved univeristetet i Melbourne, med anna komposisjon. Han arbeider for tida som lærar i London, der han også framfører eigen musikk. Newcombe vann førstepris for ein komposisjon i Sidney International Organ Competition i 1992, og komposisjonane hans har vore spela ved mange statar

i Australia, og i Italia, England, Noreg, Tyskland og USA. Han er ein allsidig musikar som forutan blokkfløyte har spela både piano (jazz) og bass i eit band som spela musikk frå 70-talet. Han har også vore medlem av fleire kor.

Foto: Frode Kvamsøe

ENDELEG NYTT KONTOR PÅ DALE

Når dette bladet kjem ut er sokneprest Frode Kvamsøe og kontorfullmektig Reidun Takvam etter planen på plass i nye kontorlokale. Tida med prestekontor i prestebustaden er forbi. Dette kontoret sine funksjonar er flytta til Kyrkjekontoret for Vaksdal. Det nye kontoret er plassert i eine halvdel i fyrste høgda på «Messo», som kommunen kjøpte i fjor. «Messo» ligg i Fabrikkvegen, like ved Daletunet. Lokala inneheld eit stort rom med arbeidsplass for kontorfullmektigen og ein liten "konferanse-avdeling" med plass til 14 personar. Inst i lokala er det kontor til soknepresten, og mellom desse to store romma er det eit lite tekjøken og arkivrom. For å kome til kontoret nyttar ein huset sin hovudinngang, den same som ein nyttar når ein skal til dr. Hegge.

Det er kontorfullmektigen som syter for betjeninga av kontoret, og ekspedisjonstida vert tysdag til torsdag frå 09:00 til 13:30.

Soknepresten har ikkje fast kontortid. Sjølv om han vil vere på kontoret når ikkje andre oppgåver krev noko anna, bør ein gjere avtale på førehand om ein vil vere sikker på å treffe han der.

Konferanseavdelinga tilhøyrer på ein måte Dale sokneråd, som no endeleg har fått gode lokale til møte av ymse slag.

Kyrkjeverja i Vaksdal har framleis kontor hjå Teknisk etat i Heradshuset.

STOFF TIL NESTE NUMMER

må vera kome redaktøren i hende innan **26.april**. Bladet kjem ut i veke 21 som byrjar med 20.mai.

DEN NYE FORMANNEN I KYRKJELEG FELLESRÅD I VAKSDAL

I førre nummer av Kyrkjebladet kunne me fortelja at den nye formannen i Kyrkjeleg Fellesråd heiter Knut Fjellanger. For dei som ikkje veit kven han er, presenterer me han på biletet under.

Fjellanger bur på Fosse i Eksingedalen.




Foto: Frode Kvamsøe

Hender det noko i kyrkjelydane i Vaksdal som de gjerne vil at andre skal få del i? Ta kontakt med Kyrkjebladet!

PÅSKENØTTA 1996



Redaksjonen har motteke eit bilete (sjå over) som er noko uklårt, og som ein difor ynskjer lesarane si hjelp til å finna ut av.

Det reiser seg følgjande spørsmål (minst):

1 Kven kan denne skapning-
en vera?

2 Dersom det er Bård Egil
Dyrhol: Kvifor står han så
merkeleg?

3 Dersom det er Frode
Kvamsøe som har teke biletet:
Kva vil han oppnå med eit så
merkeleg og utydeleg bilete?

4 Kva er den kvite flekken
omlag 2 cm over hovudet på
hovudpersonen?

Bibel og Salmebok
hører med på konfirmantens gavebord!

Konfirmasjon
Høytid i kirken.
Fest i familien.
Bibel og salmebok har
en sentral plass i vår kul-
tur, som vi håper kom-
mende generasjoner skal
føre vidare.

Bokhandelen har et stort
utvalg av bibler og
salmebøker i alle
prisklasser.

Gi konfirmanten en gave
for livet!

VERBUM
Det Norske Bibelselskap

Du får Bibel og Salmebok hos oss:



PETERSEN & YPSØY A/S

BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER
TLF. 56 59 61 58 FAX 56 59 67 66

5 Dersom det er ein snøball:
Kven har kasta han?

- a) Kapellannen
b) Soknepresten
c) Kona til kapellannen?

6 Kven siktar vedkomande i
tilfelle på?

Gode og oppklårande svar
kan sendast til:

Frode Kvamsøe
5280 DALEKVAM

Merk: Ikkje måndagar!

1. PREMIE: Omvisning på
det nye kyrkjekontoret!

2. PREMIE: Gratis guds-
tenester resten av året!

NATTKAFÉ

i Dale bedehus

Sjå oppslag!

Truleg open 16.mai!

UNGDOMS- SAMLING

i Vaksdal bedehus

fredagar frå kl.20.00.

Sjå oppslag for nærare info!

NATTKAFÉ

i Stamnes bedehus

*annankvar fredag
frå kl. 20.00 - 24.00.*

* 12. april * 26.april

FAMILIEKONSERT I DALE KYRKJE

søndag 14. april kl. 18.00.

BJARTE LEITHAUG
m/kor:

- * Gospelkoret Gospelino
- * Barne- og ungdomskoret frå
Eidslandet/Modalen
- *Born frå søndagsskulane i
kommunen
- *Regnbuen

NB! Øving frå kl. 16.30.

Billettar

Born og pensjonistar kr. 10,-
Vaksne kr. 20,-

RABATT: Maks kr. 50,- pr.
familie!

Salg av
CD kr. 100,-
MC kr. 80,-

Arrangør: Regnbuen



Frå Bård Egil Dyrhol si første gudsteneste i Dale kyrkje.

Foto: Frode Kvamsøe



Stamnes kyrkje: Utdeling av Godt Nytt til 4. klassingane.

Foto: Ove Magne Straume

SLEKTERS GANG


DØYPTE

DALE

18.02. Marte Iversen
18.02. Maren Iversen
18.02. Therese Sellevold

STAMNES

11.02. Sigrid Straume Normann
03.03. Andreas Hesjedal




AVLIDNE

DALE

01.03. Olaf Haugland, f.1921
09.03. Arthur Stanghelle, f.1936

VAKSDAL

08.02. Arthur Nilsen, f.1913
02.02. Herborg Hansen, f.1916
26.02. Finn Henrik Melcher, f.1908
27.02. Ingeborg Stanghelle, f.1904



VELKOMEN TIL KYRKJE

31.mars - Palmesøndag

NESHEIM kl. 11. Fam.gudst. Dyrhol.Offer til Kirkens Nødhjelp, fasteaksjonen.
BERGSDALEN kl. 12.30. Sportsandakt, Kvamsøe.
DALE kl. 16.30. Konsert. David S.Hamnes.
DALE kl. 18.00. Kvamsøe. Dåp. Offer til Dale Indremisjon - Bedehuset.

4.april - Skirtorsdag

VAKSDAL kl. 11. Dyrhol.Nattverd.
EIDSLAND kl. 17. Dyrhol. Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjon.
BERGSDALEN kl. 20. Kvamsøe. Nattverd.

5.april - Langfredag

DALE kl. 11. Dyrhol.
EKSINGEDALEN kl. 11. Kvamsøe.
STAMNES kl. 17. Kvamsøe.

7.april - 1.påskedag

DALE kl. 11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjon.
VAKSDAL kl. 11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.
NESHEIM kl. 11. St. Markus. Offer til Norges KFUK/KFUM - Bjørgvin krets.
BERGSDALEN kl. 20. Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

8.april - 2.påskedag

STAMNES kl. 11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.
STANGHELLE kl. 18. Dyrhol. Offer til Bjørgvin Bispedømeråds Familieråd-givingskontor.

14.april - 1.søndag etter påske

EIDSLAND kl. 11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den Norske Israelsmisjon.
EKSINGEDALEN kl. 11. Dyrhol.Nattverd Offer til Soknerådsarbeidet.
DALE kl. 18. Familiekonsert. Bjarte Leithaug m/kor.

21.april - 2.søndag etter påske

DALE kl. 11. Fam.gudst. Dyrhol. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

VAKSDAL kl. 11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Blå Kors.

EKSINGEDALEN kl. 16. Konsert. David S. Hamnes og Andrew C. Newcombe.



Laurdag 27.april

DALE kl. 17. Konsert. Voss Gymnaskor.
"Messe for en brent jord."

28.april - 3.søndag etter påske

BERGSDALEN kl. 11. Fam.gudst. Dyrhol.
Offer til Det Norske Misjonsselskap.

STAMNES kl. 17. Fam.gudst. Dyrhol. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

16.mai - Helgetorsdag

VASSBAKKENSTEMNA kl.11. Kvamsøe og Dyrhol.

1.mai - Offentleg høgtidsdag

VAKSDAL kl. 9.30. Kvamsøe. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

DALE kl. 11. Dyrhol. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.

17.mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL kl.9.30 Fam.gudst. Kvamsøe. Offer til Vaksdal KFUK-speidarar.

DALE kl.10.30 Fam.gudst. Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

STAMNES kl. 12. Fam.gudst. Kvamsøe. Offer til Redd Barna.

EIDSLAND kl. 12.30. Dyrhol. Offer til Redd Barna.

5.mai - 4.søndag etter påske

DALE kl. 11. Konf.gudst. Kvamsøe. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

VAKSDAL kl.11. Konf.gudst. Dyrhol. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

NESHEIM kl. 16. Kvamsøe. Offer til Bjørgvin Bispedømeråds Familierådgivingskontor

19.mai - 6.søndag etter påske

VAKSDAL kl. 11. Dyrhol. Nattverd. Offer til IKO.

BERGSDALEN kl. 11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens SOS - Bjørgvin.

12.mai - 5.søndag etter påske

STAMNES kl. 11. Konf.gudst. Kvamsøe.
Offer til Fagertun leirstad.

EKSINGEDALEN kl. 11. Vikar. Nattverd.
Offer til Norsk Søndagsskuleforbund.

DALE kl. 16.30. Konsert. David S. Hamnes og Andrew C. Newcombe.